

Fra: øyvinn askeland [oyvinn.askeland@kvamnet.no]
Sendt: 22. november 2011 11:04
Til: NVE
Kopi: 'Erling Kolltveit'; vigkol@online.no
Emne: Røyrvok kraftverkas- Søknad om løyve til Røyrvik Kraftverk i Røyrvikelva i Kvam herad

Som eigarar av eigedommar på Kolltveit G.nr. 96 b.nr. 1,2,3 og 4, er vi naboar (**dvs. medeigarar i Vetlavatnet, Storavatnet og Øyjordsvatnet**, og direkte berørte av ei eventuell utbygging av Røyrvikvassdraget), har vi desse merknader:

1. Vi ynskjer forsåvidt Røyrvik folket lukke til med eit anlegg som ev kan gje meir inntekt.
2. **Vi ynskjer ikkje regulering av Øyjordsvatnet utover det som blei fastsatt i sak Nord og Midthordland jordskifterett 11/89 (avslutta med forlik i 2006) som blei sett i gang etter krav frå eigar av Gnr.96, bnr.4, som ynskte å få bort øvre del av dammen i Vetlavatnet for å få Øyjorda tørrare.**

Grunngjeving: Ein stor del av jorda som er vass-sjuk (18-20 dekar) vil neppe tåle senking til kote 70,0 m.o.h uten å "sige etter", dvs. at jorda kan søkka slik at jorda kanskje vil komma under vatn når magasinet er fylt til kote 72. Vi veit jo ikkje kva som vil skje, men med ei repeterande fylling-tømming blir dei mekaniske kreftene stadig utfordra og over tid vil det kunna komma store endringar. Vi ynskjer jo for så vidt ei "tørrare" Øyjord, men ynskjer ikkje ein del av jorda øydelagd.

Forliket som forutset at det blir gjeve konsesjon til utbygging av elva frå Vetlavatnet,- seier m.a. at Røyrvik kan senka elva mellom Øyjordsvatnet og Vetlavatnet slik at lågaste vass-stand blir terskelhøgde kote 71,25 m.o.h. Kostnaden med ev. senking skal etter forliket delast med 75% på Røyrvik og 25% på Kolltveit, men Kolltveit sin andel skal likevel ikkje vera meir enn kr. 25.000.-.

3. **Vi ynskjer ikkje ei "kjemperegulering" av Storavatnet** som vi også er medeigarar i, **der det er 4 m i skilnad mellom høgaste og lågaste magasinfallingskote.**

Grunngjeving: For få år sidan blei det stukke ein skogsbilveg til Storavatnet. Grunneigarane på Kolltveit såg for seg korleis naturområdet Vetlavatnet/Storavatnet ville bli øydelagt om vegen blei ein realitet, difor blei den vegen "skrinlagd". Vi ynskte ein natur som vi ferdast mykje i, urørd. **Ved ev utbygging kan Storavatnet og for så vidt også Vetlavatnet, store deler av året, bli senka vatn med stygge sår i naturen.** Somme år ved t.d. tømmerdrift, vil det vera vanskeleg å komma til deler av skogen vår, særleg om tilhøva på vatna blir slik at det ikkje er råd å komma fram på god is

4. **Våre eigedommar sine rettar og former for kompensasjon i høve til ei ev. utbygging/skader vil vi naturleg komma tilbake til om konsesjon blir gjeven.**

5. **Konklusjon i høve til punkt 1 - 4:**

Ei enkel utbygging m. andre kotehøgder som ikkje medfører fare for skade for våre eigedommar vil vi ikkje ha innvendingar imot.

6. **Som innbyggjarar i området har vi og synspunkt vi vil hengja på:**

Vi bur her fordi grenda har kvalitetar vi ynskjer å hegna om for oss sjølve og andre som likar seg her. Med 2 m senking av Øyjordsvatnet og Vetlavatnet og 4 m senking/demming av Storavatnet, - vil vi få store og stygge inngrep i eit flott landskapsområde. I aukande grad er området nytta til tur/friluftsområde, ikkje berre for oss sjølve, men og for folk som kjem i frå regionen elles. Stadig fleire kosar seg i området og etterlyser ei "utviding" av turstien rundt Øyjordsvatnet som med ei forlenging lett kan omfatta det vakre området rundt Storavatnet og Vetlavatnet. Fysisk aktivitet kombinert med oppleving av flott natur, - er viktig for både kropp og sjel.

Det er all grunn til å hegna om dette fine området også av den grunn

Vi vonar NVE tek omsyn til våre synspunkt. Om det er noko som er uklart, bed vi om at det blir teke kontakt med ein av underskrivne.

Til slutt vil vi nemna at våre eigedommar ikkje på noko tidspunkt, - utover jordskiftesaka som blei avslutta i 2006, har vore med i drøftingar når det gjeld
Inngrep i våre rettar eller eigedommar.

Mvh

Erling Kolltveit
Vigleig Kolltveit
Eigar av 96/1,3
Eigar av 96/4

Marta Askeland og Øyvinn Askeland
Eigar av 92/2